

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 20.10.2020
SAKSHANDSAMAR: Lena Forgaard
SAKA GJELD: Rammeverk for verksemdstyring i Helse Vest

ARKIVSAK: 2019/8617
STYRESAK: 119/20

STYREMØTE: 04.11. 2020

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Vest RHF vedtek nytt «Rammeverk for verksemdstyring i Helse Vest»

Oppsummering

Forskrift om leing og kvalitetsforbetring trådde i kraft i 2017. Forskrifta erstattar tidlegare forskrift om internkontroll i helse- og omsorgstenesta. Føremålet med forskrifta er å bidra til forsvarlege helse- og omsorgstenester, kvalitetsforbetring og pasient- og brukarsikkerheit, og at anna krav i helse- og omsorgslovgivinga etterlevast.

For å sikre at Helse Vest etterlev dei sentrale prinsippa i forskrifta, såg administrerande direktør eit behov for å lage eit nytt rammeverk for verksemdstyring i føretaksgruppa. Det nye rammeverket erstattar dokumentet «Internkontroll i Helse Vest» frå 2008. Arbeidet har gått føre i perioden februar til august 2020. Dokumentet er utarbeida av ei arbeidsgruppe med representantar frå alle avdelingar i Helse Vest RHF. Konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod har også delteke i arbeidet.

Rammeverket gjer greie for felles regionale forventningar, definisjonar, omgrep, prosessar og prinsipp for verksemdstyring i Helse Vest. Prinsippa er kjende og gjeldande. Føremålet med dokumentet er å gje ei heilskapleg framstilling av prinsipp og aktivitetar, og er å forstå som ei felles ramme for verksemdstyringa i helseføretaksgruppa, og skal liggje til grunn for korleis styring av føretaksgruppa blir organisert.

Helseføretaka ga innspel til «Rammeverk for verksemdstyring» i direktørmøtet i Helse Vest 19. oktober. Direktørane ga i møtet gode tilbakemeldingar til nytt rammeverk for verksemdstyring i Helse Vest.

Rammeverket vil bli lagt til grunn for helseføretaka si utvikling av verksemda i styringsdokument til helseføretaka for 2021.

Fakta

Forskrift om leing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta tar utgangspunkt i øvste leiar sitt ansvar for at verksemda har etablert eit styringssystem for verksemda i tråd med forskrifta, og med medverknad frå medarbeidarane i verksemda. Forskrifta tydeliggjer auka forventningar til systematisk styring og kontroll og eit styringssystem som legg til rette for kontinuerleg forbetring av verksemda. Det er definert fire pliktar som er felles for alle styringssystem: plikten til å planleggje, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda sine aktivitetar i tråd med krav i helse- og omsorgs-lovgivinga. Pliktane er å rekne for minimumskrav til alle styringssystem.

I rettleiaren til forskrifta blir styra sitt ansvar for å følgje opp at verksemda har eit forsvarleg styringssystem omtala:

Styrene for RHFene og HFene må gjennom sin kontrollfunksjon etter helseforetaksloven aktivt følge med på om helseforetakene har et forsvarlig styringssystem. Styrene må også sørge for å være informert om informasjon som sier noe om helse- og omsorgslovgivningen overholdes, om tjenestene er forsvarlige og om det arbeides systematisk med kvalitetsforbedring og pasientsikkerhet. Styret plikter å gripe inn i tilfelle der foretaket ikke korrigerer ulovlig og uforsvarlig virksomhet.

Riksrevisjonen gjennomførte i 2018 ei undersøking av styra si oppfølging av kvalitet og pasientsikkerhet. Riksrevisjonen peika på ein manglande systematikk i styra si oppfølging av kvalitet og pasientsikkerhet¹. Vidare meinte Riksrevisjonen at det var uklart om styra har tilstrekkeleg innsikt og kompetanse om styringssystemet og dermed tek i vare sitt ansvar for å sjå til at styringssystemet fungerer i tråd med føremålet:

- *De fleste styrene i helseforetakene får mye informasjon om kvalitet og pasientsikkerhet, men har ikke en praksis med å følge opp utfordringene systematisk nok.*
- *Mange av styrene i både helseforetak og regionale helseforetak ivaretar ikke godt nok sitt ansvar for å påse at styringssystemet fungerer.*

Riksrevisjonen anbefalte at styra i dei regionale helseføretaka og helseføretaka som del av sitt tilsynsansvar:

- *Etterspør relevant informasjon om kvalitetsutfordringer i det enkelte foretak og om hvorvidt igangsatte tiltak gir ønsket effekt*
- *Etterspør sammenligninger med andre foretak, og sørger for å lære av de beste – både i og utenfor offentlig helsesektor – for å bidra til kvalitetsforbedring*
- *Påser at styringssystemet, inkludert risikostyringen, fungerer i tråd med hensikten og bidrar til kvalitetsforbedring av tjenestene*

Kommentarar

I føretaksmøtet 14. januar 2020, pkt. 3.2.4 *Oppfølging av forskrift leiing og kvalitetsforbetring*, fekk Helse Vest RHF i oppdrag å rapportere til Helse- og omsorgsdepartementet korleis Helse Vest RHF etterlev forskrifta:

Forskrift om leiing og kvalitetsforbetring trådde i kraft 1. januar 2017. Føremålet med forskrifta er å bidra til fagleg forsvarlege helse- og omsorgstenester, kvalitetsforbetring og pasient- og brukarsikkerheit, og at dei andre krava i helse- og omsorgslovgivinga blir etterlevde. For å sikre at forskrifta fungerer som forventa, skal også leiinga minst ein gong årleg systematisk gå gjennom og vurdere heile styringssystemet opp mot tilgjengeleg statistikk og informasjon om verksemda.

Føretaksmøtet ber dei regionale helseføretaka om å rapportere på etterleving av forskrifta innan 1. juni 2020, mellom anna korleis den årlege gjennomgangen er lagt opp og erfaringar så langt.

Dei regionale helseføretaka fekk utsett frist for rapportering til 1. oktober. Helse Vest RHF ga ei førebels rapportering i brev datert 25. mai 2020 (sjå vedlegg) og endeleg rapportering i brev datert 29. september (sjå vedlegg).

I april 2020 rapporterte føretaksgruppa til Helse Vest RHF korleis dei etterlever forskrifta, mellom anna korleis den årlege gjennomgangen av styringssystemet er lagt opp og erfaringane så langt. I følgje forskrifta skal styringssystemet vere tilpassa verksemda si storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold, samt ha det omfang som er nødvendig. Rapportane frå føretaksgruppa synte at;

¹ Helse Vest RHF kom godt ut av undersøkinga, då verksemda kunne vise til at innspel frå styret blei protokollført og systematisk følgd opp.

- føretaka har etablert styringssystem for verksemda og er godt kjend med forskrifta
- føretaka fortolkar omgrepet styringssystem på noko ulikt vis
- det er variasjon når det gjeld korleis «leiinga si årlege systematiske gjennomgang av styringssystemet opp mot tilgjengeleg statistikk og informasjon om verksemda» blir gjennomført.

Konklusjon

Rammeverket for verksemdstyring er første skritt for å få til ei meir felles og heilskapleg etterleving av forskrifta i Helse Vest og skildrar det regional styringssystemet i Helse Vest. Med dei tydelige krava til styring og eit heilskapleg styringssystem er forskrifta eit verktøy for leiinga i verksemdene til å styre og følge opp aktivitetane i verksemda. Forskrifta sine krav til styringssystemet er utgangspunkt for strukturen og prinsippa i rammeverket. Det einsskilde helseføretak er ansvarlig for at prinsippa blir implementert, tilpassa og gjort relevante lokalt.

Arbeidet med ny modell for risikostyring startar hausten 2020 og føretaka vil bli bedne om å delta i arbeidet. Når dette arbeidet er ferdig, vil det eventuelt bli laga ei revidert utgåve av «Rammeverk for verksemdstyring i Helse Vest».

Vedlegg:

- 1 Rammeverk for verksemdstyring Helse Vest_22.10.20200
- 2 Oppfølging av forskrifta "Leiing og kvalitetsforbetring" i Helse Vest RHF - rapportering til HOD 25. mai 2020
- 3 Oppfølging av forskrifta "Leiing og kvalitetsforbetring" i Helse Vest RHF - rapportering til HOD 29. september 2020